

10.238 kroner på vel fire måneder

01.08.2008



Aktivitetshuset får eit godt tilskot av "pantepengar" også dette året

**Det kom inn 10.238 kroner i pant ved SPAR til Aktivitetshuset i tidsrommet fra midten av mars til dette månedsskiftet, dei vil seie på fire og ein halv måned, opplyser dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no.**

Dette er det nivået som har vore det vanlege i det siste og det betyr at dei handlande framleis er rause med å gje til det gode føremålet ved å nytte kassa ved tomgodsmottaket.

I 2007 vart summen av "pantepengar" til storstova i bygda 26.460 kroner. Reint matematisk skulle det dermed liggja godt an for å slå denne noteringa i 2008.